

---

**Fra:** Arild Aase <ariaas@statoil.com>  
**Sendt:** fredag 2. mars 2018 10:38  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Innspel til arealplan for Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen

Hei

Eg vil med dette gje innspel til arealplan i Lindås kommune.

Mitt innspel er basert på forvaltning av Landbruk, Natur og Fritids områda ved Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen.

Først må det verte slutt på at kommunen sjølv setter ny farge(næring) på arealkartafor landbruk, utan at dette ligg i grunneigars interesse. Dette er gjort ved Tredalseggje ved Aase og må tilbakeførast til grunneigars interesse for LNF for området, med det same.

Vidare er mine innspel at landbruk er ei viktigare næring enn mange andre. Derfor skal ein ikkje byggja ned matjorda, når det er mat vi lever av. Ynskjer derfor at kommunen sin planavdeling har dialog med grunneigarar når ein ser på kva som kan være mogleg og ikkje berre tar seg til rette. Grunneigarar har som oftast fornuftig plan og bruk av sine eigedommar. Mange har planer, men dei økonomiske ressursane er kanskje ikkje til stades i øyeblikket andre interesser dukker opp. Verdiskapinga landbruket tilfører kommunen vår og alle som bur der, meiner eg er undervurdert. Eg driver sjølv eit gardsbruk som har tradisjonar og har vore ei viktig landbruksforetak i Lindås gjennom lange tider.

I dag skjer det endringar i Landbruket slik som i andre næringar, men vi er allikevel avhengig av heile arealgrunnlaget for å kunne drive med landbruk ,natur og fritidsaktivitet. Dei vel 20 åra eg har drifta garden, har det skjedd store endringar. Det er viktig at plan avdelinga ser framover også for landbruket si utvikling. Det er ikkje slik at alle nedlagde gardsbruk eller gardsbruk utan drift, er framtidige buområde og næringsområde. Landbruket er i bevegelse, men kvar tid må tilpassa seg kva ein skal leva av på garden. Ingen veit kva som skjer i framtida.

Mine innspel for areala fra Isdal til Kopperdalen er at landbruket i Lindås treng desse areala meir enn nokon gong, for å kunne ha drivverdige gardar i søre del av Lindås. Dette vil alltid ha betydning for generasjonane som kjem etter oss.

Det er viktig at grunneigarene får lov til å etablere nye næringar på gardane, som ikkje går ut over matjord. Dette fordi bonden veit sjølv korleis han skal ivareta dei viktige areala for framtida. Dette betyr at ikkje alle gardane som har lagt ned dei siste åra skal lage pølser, men at kommunen sin planavdeling kan være med å gi innspel til gode løysingar, som ikkje går utover matjord ressursen.

Kommunen har i vel 10 år prøvd å få oss grunneigarane med på å endre LNF areala til næringsareal. For meg er dette ikkje interessant fordi dette ville øydelagt heile landbruket i vårt område. Nokon meiner sjølvsgd at det viktigare med store næringsbygg som kan skaffe kommunen meir pengar, men det skal ikkje skje på matjord.

Min gard har mange ressursar og ein av dei er at den ligg sentralt for å utvikle nye næringar. Eg tenker i framtida å ha god dialog med kommunen om å etablere næring som kan gje arbeidsplasser og opplevelser, og drive verdige aktivitetar. Samtidig skal befolkningen i søre del av Lindås skal få kjenne på at landbruket var her først og at me fortsatt treng mat og friluftsliv meir enn nokon gong.

Mvh  
Arild Aase

-----  
The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.  
Thank you